

# *Vedtekter for gravplassane i Fyresdal kommune (forskrift)*

*Veum kyrkjegard  
Moland Gamle kyrkjegard  
Moland Nye kyrkjegard  
Lønnegrav gravplass*



Vedtektene er gjevne i medhald av lov 7. juni 1996 nr.32 om gravplassar kreasjon og gravferd ( Gravferdslova) §21.

Vedteke i Fyresdal sokneråd, 13.09.2017.

Godkjent av Agder og Telemark bispedømmeråd 11.06.2018.

## § 1 VAL AV GRAVPLASS

I Fyresdal er det fire gravplassar som avlidne/pårørande kan velje mellom til gravlegging, Moland Gamle kyrkjegard, Moland Nye kyrkjegard, Veum kyrkjegard og Lønnegrav gravplass. På den nord-vestre enden av Moland Nye kyrkjegard er det oppretta eige muslimsk gravfelt.

Valet av gravplass gjeld òg for personar utanom kommunen som har tilknytning til Fyresdal og som ynskjer å bli gravlagde her.

Avlidne personar frå andre kommunar kan gravleggjast i kommunen mot at kostnadene ved gravferda og festeavgift vert betalt.

## § 2 FREDINGSTID OG FESTETID

Fredingstida for oskeurner er 20 år.

Fredingstida for kister er 30 år.

Festetida er 5 år.

## § 3 FESTE AV GRAV

Etter ei gravlegging er det høve til å feste (reservere) ei grav ved sida av gravlagde, og i særskilte høve kan soknerådet gje løyve til å feste 2 graver ved sida av. Desse gravene utgjer ein gravstad.

Feste av grav kan bare skje i samband med dødsfall.

Ei enkeltgrav, og / eller den fyrste grava på ein ny gravstad er betalingsfri i fredingstida.

Ved feste av ei eller fleire graver i tillegg til den som blir teken i bruk, skal det frå fyrste stund betalast festeavgift for tilleggsgravene for 5 år av gangen.

Når fredingstida for ei fri grav, eller festetida for ei festa grav er ute, kan gravstaden festast for 5 nye år.

I god tid før festetida er ute skal festaren varslast. Er festet ikkje fornya innan 6 månader, fell gravstaden attende til gravplassen.

Ingen kan gravleggast i festa gravstad utan samtykke frå festaren. Dersom samtykke frå festaren ikkje kan innhentast, kan Fyresdal sokneråd avgjere spørsmålet om gravlegging.

Festar har plikt til å melde frå om adresseendring.

#### § 4 **GRAV OG GRAVMINNE**

Gravplasspersonalet vil syte for planering og tilsåing av gras etter ei gravlegging. Gravminnet kan ikkje setjast opp tidlegare enn oml.

3 månader etter gravlegging av kiste. I mellomtida blir det sett opp eit merke med namnet til den avlidne.

På ny gravstad vert gravminnet plassert sentralt i bakkant av den fyrste grava som er teken i bruk.

Gravminnet er festaren sitt ansvar og eige, men gravminnet skal godkjennast av Fyresdal sokneråd før det vert sett opp.

Av lokalhistoriske årsaker kan soknerådet vedta å ta vare på einskilde område på gravplassen eller einskilde graver med gravminne og anna gravutstyr. Dette må gjerast i samråd med festarane.

#### § 5 **PLANTEFELT**

Framom gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken rundt.

*Plantefeltet kan vere like breitt som gravminnet og kan stikke 60 cm fram, målt frå bakkanten av gravminnet.*

Plantene skal ikkje vere høgare eller breiare enn gravminnet.

Det er høve til å ramme inn plantefeltet med ein dela steinkant.

Frå 01.01.2018 vil det ikkje vere høve til å setje ned bedplater eller faste dekorasjonar i plantefeltet.

Dette har ikkje tilbakeverkande kraft.

Blir det plassert blomsterurner, lukka ljusboksar / lykter, eller andre pyntegjenstandar framom gravminnet, skal desse plasserast så langt inn i plantefeltet at dei ikkje hindrar kantslåinga.

Slike pyntegjenstandar må vere lette å flytte ved blant anna gravearbeid.

Det er ikkje høve til å ramme inn grava eller delar av ho med hekk, lause steinar eller jarn.

#### § 6 **PLANTEMATERIALE**

Plantar, kransar og liknande materiale som vert bruka ved gravferd, eller ved pynting av grav, og som endar som avfall skal vere komposterbart.

#### §7 **STELL AV GRAV**

Festaren har rett og plikt til å stelle den grava han har ansvar for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta og stelt, skal såast til. Gravplasspersonalet kan hjelpe til med tilsåinga.

## **§ 8 BÅREROM**

Soknerådet disponerer bårerom ved båe kyrkjene. Slike rom skal nyttast til å ta vare på avlidne i tida fram til gravferda og til sorgarbeid. Ingen har tilgjenge utan etter løyve. Bruk av bårerom til sorgarbeid og til syning kan bare gjerast etter samtykke frå den som syter for gravferda.

## **§ 9 NÆRINGSVERKSEMD**

Næringsdrivande som ynskjer å drive verksemd på gravplassen skal ha løyve frå Fyresdal sokneråd. Løyvet kan kallast attende dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan bare omfatte montering og vedlikehald av gravminne og planting og stell av graver.

## **§ 10 ANSVARSTILHØVE**

Festaren har ansvar for å sjå til at gravminnet er sikra og oppretta. Fyresdal sokneråd er ikkje ansvarleg for skade på graver og gravutstyr ved naturhendingar, hærverk, tjuveri eller liknande.

Fyresdal sokneråd er ikkje ansvarleg for skadar på graver i nærleiken av ei grav som vert graven opp, med mindre det er vist aktløyse frå gravplasspersonalet.

Ved opning av ei grav kan jord leggjast på graver som ligg i nærleiken, og gravutstyr kan flyttast på, men gravplasspersonalet har då ansvar for å setje alt i stand att etter gravlegginga.

Av omsyn til moglege ulykker eller fare under arbeidet har gravplasspersonalet høve til å flytte eller leggje ned gravminne.

## **§ 11 DIVERSE**

På gravplassane må ingen sykle, ake eller drive sport, leik eller spel, eller anna som ikkje sømer seg der.

Hundar må haldast i band inne på gravplassen.

Etter stell av grav må alt avfall fjernast og leggjast på tilviste plassar.

### **Opplysningar kan ein få ved å vende seg til:**

Kyrkjevevja i Fyresdal, tlf. 35 06 71 33 eller mob. 95 15 94 94